



Den norske kyrkja
John Fredrik Wallace

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7285 - 20/29962

Saksbehandlar:
Martin W. Kulild
martin.kulild@alver.kommune.no

Dato:
20.05.2020

Søknad om økonomisk tilskot i samband med kommunens 1. tertialvurdering 2020

Viser til brev og sms frå dykk.

For å sikre at vi har fullstendig informasjon knytt til vår handsaming av dykkar søknad, ber vi om å få tilsendt fellesrådets budsjett for 2020 og ei nærare beskriving av underskotet i Lindås kyrkjeleg fellesråd. Når de er ferdige med å handsame rekneskapane til Lindås, Radøy og Meland kyrkjelege fellesråd, ber vi også om å få tilsendt desse.

Vi tek sikte å handsame dykkar søknad i formannskapet 11.6.2020 og kommunestyret 25.6.2020. Dersom vi ikkje kan handsame alle punkt i dykkar søknad, kan det verte aktuelt å vurdere dette i samband med 2. tertial 2020 og/eller budsjett 2021.

Budsjett/økonomiplan 2021-2024

For å sikre at vi har oppdaterte tal og informasjon knytt til vår handsaming av Alver kommune sin økonomiplan, inkludert Alver kyrkjeleg fellesråd, ber vi om å få tilsendt dykkar framlegg til fellesrådets budsjett for 2021 og økonomiplanperioden innan 3.8.20.

Formannskapet planlegg samling knytt til økonomiplan den 20. og 21. august 2020. Vi vil invitere dykk til å presentere fellesrådet sine planer og budsjettframlegg i dette møte. Vi kjem attende med framlegg til klokkeslett og tidsramme.

Med helsing
Alver kommune

Martin W. Kulild
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Kyrkjelege Fellesråd
Den norske kyrkja

Lonsvegen 1

5914

ISDALSTØ